

Stemneplassen treng pengar. Innsamling startar.

27.04.2016



Stemneplassen treng støtte!

Uskedal friluftslag treng sårt pengar! Dei har no ikkje midlar til å betala dei største faste utgiftene som er straum og vassavgift. Derfor startar styret no ein aksjon for å få inn pengar til drift av den vakre stemneplassen i Skårhaug. Plassen er ei felleseige for bygda, og det er 10 medlemslag som står bak.



Det har vore mange kjekke arrangement for publikum på stemneplassen.

Stemneplassen har eit møterom som er svært godt eigna for grupper opp til 30 personar. Det har kjøkkenkrok med kokeplate og kaffitraktar. I tillegg er det videokanon og lerret, men det er ikkje internett. Siste året er det kome nye, brukte stolar i rommet. Nokre lag brukar det til møte. Det har og vorte leigt ut til bursdagar og andre samlingar, og leiga er svært billeg. Ordinært kostar det 300 kr å leiga rommet, men medlemslaga får gratis møterom heile året dersom dei betaler forhøya årleg medlemskontigent på 1000 kr. Leiga for bord og stolar er 300 kr.

No er altså kassen botnskrap, og det i tillegg til å betala reknningar for straum og vatn, er det ein del arbeid som må gjerast. Vi nemner m.a. tetting av betongplata, drenering og hindring av fukt inn i møterommet samt rydding og vegetasjonspleie av plassen og stien opp til toppen. Mykje kan gjerast på dugnad, men ein kjem ikkje langt utan pengar.

Derfor går no styret ut og oppfordrar alle støttespelarar om å betala inn bidrag til konto 3460.07.53659. Laget blir svært glad for gåver frå både privatpersonar og firma som vil støtte opp om plassen sentralt i bygda. I tillegg oppfordrar dei medlemslaga til å betala inn medlemskontigenten på 300 kr. (Om dei betaler 1000 kr, har dei gratis

møterom heile året). Ein kan også teikna seg som støtte medlem og der kan ein betala det ein sjølv ønskjer, men styret har føreslått eit beløp på 100 kr.

Det er planlagt dugnad på Stemneplassen onsdag 11.mai kl.18 for å gjera den presentabel til nasjonaldagen då det er kransenedlegging der. I tillegg er det planar om eit familiearrangement med konsertinnslag av musikklaget, truleg tirsdag 14.juni.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen